

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr
20152339

Oppdragsnr
2015051

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
Fløksand 73	5	7	0	0	FLØYSAND TERJE (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvikla:	Dato	Kl	Stad
	03.12.2015	09.30	På parsellen

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining

Grunneigedom
 Festegrund
 Anleggseigedom
 Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn

Grensejustering
 Klarlegging av eksisterande grense
 Nymerking av eksisterande grense
 Registrering av ureg. jordsameige
 Matrikulering av umatrikulert grunn

Arealoverføring
 Anna

Forklaring

Saks-behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
	15.10.2015		

Rekvirent FLØYSAND TERJE	Rekvisisjonsdato 25.08.2015
-----------------------------	--------------------------------

Habilitet

Landmålararen sitt namn
Per Atle Sæle

Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet

Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga?
 Nei
 Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varselet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt framfmøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/
514-1	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
514-2	Annen detalj Nedsatt i:				
514-3	Annen detalj Nedsatt i:				
514-4	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein	Nytt grensemerke			
143C	Umerket Nedsatt i:				
143B	Murhjørne Nedsatt i:				
143A	Annen detalj Nedsatt i:				
514-5	Gjerdestolpe Nedsatt i:	Gjenfunnet og nymålt			
514-6	Gjerdestolpe Nedsatt i:	Gjenfunnet og nymålt			
514-7	Umerket Nedsatt i:				

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune har 15.10.2015 godkjent arealoverføring av om lag 250 m² frå gnr 5 bnr 7 til gnr 5 bnr 14, administrativt vedtak saknr: 375/2015. Varsel om oppmålingsforretning vart sendt partane 19.10.2015.

Eigedomen gnr 5 bnr 14 vart etablert ved skyldskifte i 1920. Det er grenseskildringa frå 1920 som var grunnlaget for vedtaket om arealoverføring. Men i samband med førebuinga til oppmålingsforretninga vart det oppdaga at jordskifte frå 1926 har endra på grensene til 5/14. Oppmålingsforretninga vart difor halde som ei klarlegging og merking av eksisterande grenser for 5/14 utan arealoverføring frå gnr 5 bnr 7.

Oppmålingsforretning vart halde 03.12.2015. Ved forretninga møtte Terje Fløysand for gnr 5 bnr 7 og Olav Ryland Myrtvedt for gnr 5 bnr 14. Eigar av 5/4, 5/75, 5/143, 5/151 og 5/201 var også varsla, men møtte ikkje. I følgje utskiftinga frå 1926 er gnr 5 bnr 14 "tildelt den del, der i nordøst og øst-sydøst begrænses av grense 7 og i vest-sydvest av grense 12."

På forretninga vart kross i fjell i søndre hjørne av 5/14 funne, grensepunkt 514-1. Dette er eit punkt i 12.linje. Grensa går herifrå i nordaustleg retning 4,92m til grensa mot 5/75, umerka grensepunkt 514-7 ved portsøyle. Herifrå i nordaustleg retning langs grensa til 5/75 16,85m til gamal gjerdestolpe, grensepunkt 514-6. Vidare i nordaustleg retning 12,65m langs grensa til 5/151 12,16m til gamal gjerdestolpe, grensepunkt 514-5. Her knekk lina i nordvestleg retning og går 9,35 m til grensepunkt 143A i grensa mot 5/143. Her har det tidlegare vore sett ned grensemerke, men dette vart ikkje funne. Grensa held fram i same retning 25,37m til umerka grensepunkt 143B ved murhjørne, og vidare i same retning 9,62m til umerka grensepunkt 143C i grensa mot 5/4. Føl grensa mot 5/4 i same retning 9,35m til nytt grensemerke i stein som er rekonstruert til å vera skjæringspunkt mellom 7. og 12. linje frå utskiftinga i 1926. Grensa til 5/14 går herifrå i sørleg retning 31,82m til hjørne på opparbeid terrasse, grensepunkt 514-3. Føl ytterkant av terrassen i søraustleg retning 6,18m til grensepunkt 514-2, og vidare i søraustleg retning 25,51m tilbake til utgangspunktet. I høve til skildringa av 12.linje i utskiftinga er grensepunkt 514-2 og 514-3 litt endra, sidan det ikkje var mogleg å finna to krossar som var skildra til å liggja "i berg utpå brotet ovenfor veien".

Meland kommune stadfestar at grensene for 5/14 er rekonstruert mest mogleg i samsvar med grenseskildringa i utskiftinga og slik partane har innretta seg etter grensa.

Det vart ved forretninga opplyst at det er ein del "rusk" i grensene i matrikkelkartet. Til dømes er grensa mellom 5/7 og 5/71 feil, det same er grensene mellom 5/4 og 5/33. Kommunen har ikkje retta opp desse grensene ved denne forretninga. Partane må eventuelt krevja retting, eller be om klarlegging av eksisterande grenser.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS og tilfredsstillar krava til nøyaktighet som er sett i eigdomsstandarden. Kommunen har skriva ut nytt matrikkelbrev for 5/14 som vart sendt eigar. Forenkla matrikkelbrev vart sendt naboar.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova Kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Sted

Frekhaug

Dato

28.12.2015

Underskrift

